



STORTINGET

Innst. 228 S

(2021–2022)

Innstilling til Stortinget
fra kommunal- og forvaltningskomiteen

Dokument 8:75 S (2021–2022)

Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om Representantforslag fra stortingsrepresentantene Tobias Drevland Lund, Seher Aydar, Marian Hussein og Grete Wold om foreldelsesfrist for tilbakekallelse av statsborgerskap

Til Stortinget

Bakgrunn

I dokumentet fremmes følgende forslag:

- «1. Stortinget ber regjeringen utrede og fremme forslag om en foreldelsesfrist som etter en gitt tid avskjærer anledningen til å tilbakekalle et statsborgerskap etter statsborgerloven § 26 annet ledd, med unntak for de som misbruker et norsk statsborgerskap som de har fått på feil premisser, eller aktivt benytter ulike identiteter til å begå alvorlig kriminalitet.
2. Stortinget ber regjeringen utrede innføringen av en frist for hvor lang tid det kan gå fra det er sendt forhåndsvarsel om tilbakekall av statsborgerskap, til vedtak er fattet av utlendingsmyndighetene i første instans.
3. Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med et lovforslag om å innføre krav om dobbelt statsborgerskap for å tilbakekalle statsborgerskap.»

Det vises til dokumentet for nærmere redegjørelse for forslagene.

Komiteens behandling

Komiteen har i brev av 21. januar 2022 til Arbeids- og inkluderingsdepartementet v/statsråd Hadia Tajik bedt om en vurdering av forslagene. Statsrådets uttalelse følger av vedlagte brev av 4. februar 2022. Komiteen har anmodet om og mottatt skriftlige innspill.

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Rune Støstad, Siri Gåsemyr Staalesen, Terje Sørvik og lederen Lene Vågslid, fra Høyre, Mudassar Kapur, Anne Kristine Linnestad og Mari Holm Lønseth, fra Senterpartiet, Heidi Greni, Kathrine Kleveland og Per Martin Sandtrøen, fra Fremskrittspartiet, Sigbjørn Framnes og Erlend Wiborg, fra Sosialistisk Venstreparti, Grete Wold, fra Rødt, Tobias Drevland Lund, og fra Venstre, André N. Skjelstad, viser til representantforslaget. Komiteen merker seg at det fremmes forslag om å utrede og fremme forslag om en foreldelsesfrist for tilbakekall av statsborgerskap, med noen unntak. Det foreslås videre at det settes en frist for hvor lang tid det kan gå fra det er sendt forhåndsvarsel om tilbakekall av statsborgerskap, til vedtak er fattet av utlendingsmyndighetene i første instans. Det foreslås også at det skal fremmes forslag om krav om dobbelt statsborgerskap for å tilbakekalle statsborgerskap.

Komiteen har mottatt skriftlige innspill under behandling av saken. Det er innsendt seks innspill. Komiteen viser til statsrådets svarbrev. Komiteen

merker seg at det i 2020 og 2021 ble fattet 152 vedtak om tilbakekall av statsborgerskap. Komiteen merker seg at flere av de som får tilbakekalt statsborgerskap, likevel får oppholdstillatelse i Norge. Komiteen merker seg at UDI opplyser at de tillegger svært lang oppholdstid stor vekt i vurderingen av om statsborgerskap skal tilbakekalles.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre og Senterpartiet, mener det var viktig å lovfeste forholdsmessighetsvurderingen knyttet til tilbakekall av statsborgerskap, slik et enstemmig storting vedtok i 2019, jf. Prop. 141 L (2018–2019), Innst. 62 L (2019–2020). Flertallet viser til at det her ble lovfestet at statsborgerskap ikke skal tilbakekalles dersom det ut fra sakens alvorgrad og tilknytningen personen har til Norge, vil være et uforholdsmessig inngrep overfor vedkommende selv eller de nærmeste familiedlemmene. Flertallet viser til at lovens forarbeider presiserer at oppholdstid og graden av integrering skal vektlegges i denne forholdsmessighetsvurderingen.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet viservidere til at dersom det er gitt grovt uriktige opplysninger, for eksempel om nasjonalitet, skal det mer til for å vurdere tilbakekall som uforholdsmessig, enn om det er gitt mindre alvorlige uriktige opplysninger. Forarbeidene viser videre til to tilfeller der det skal svært mye til for at et vedtak om tilbakekall kan vurderes å være uforholdsmessig. Dette gjelder tilfeller der en person bevisst og aktivt har benyttet seg av mer enn én identitet, eller gjort seg skyldig i alvorlig kriminalitet i Norge.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre og Senterpartiet, viser til at tilbakekall av statsborgerskap etter statsborgerloven § 26 andre ledd kan gjøres selv om personen blir statsløs. Dette er ikke i strid med Norges internasjonale forpliktelser. Dersom langvarig statsløshet vil være en konsekvens av tilbakekall, skal imidlertid dette være et moment i vurderingen av om tilbakekall er forholdsmessig.

Flertallet viser til at det i 2019 også ble lovfestet at statsborgerskap ervervet av en person under 18 år, som er ervervet på bakgrunn av uriktige eller ufullstendige opplysninger gitt av foreldre eller besteforeldre, som hovedregel ikke skal tilbakekalles. Flertallet viser til at Arbeids- og inkluderingsdepartementet nylig har innhentet en orientering fra Utlendingsdirektoratet om praksis i saker om tilbakekall av statsborgerskap for barn. I orienteringen ble det bekreftet at regelverket praktiseres på en slik måte at barn som hovedregel ikke fratras statsborgerskap på grunn av foreldrenes eller besteforeldrenes feilgrep. Når tilbakekall av statsborger-

skap likevel skjer, er det fordi barnet ikke har sterk tilknytning til Norge. UDI har opplyst i orienteringen at dette skjer unntaksvis, og etter en konkret vurdering, i tilfeller der barnet aldri har bodd i Norge, har flyttet fra Norge eller er i barnehagealder eller yngre, uten selvstendig tilknytning til Norge.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet mener regjeringen bør vurdere en tilsvarende gjennomgang av praksis når det gjelder forholdsmessighetsvurderingene ved tilbakekall av statsborgerskap, for å sikre at lovgivers intensjon med lovendringen fra 2019 blir ivaretatt.

Komiteens medlemmer fra Høyre og Fremskrittspartiet støtter ikke forslaget.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre, Senterpartiet og Fremskrittspartiet, peker på at statsborgerskap står i en særstilling i samfunnet. Dersom en som har søkt om statsborgerskap i Norge, i praksis har gitt uriktige opplysninger til myndighetene, er det et brudd på samfunnskontrakten mellom myndighetene og borgeren. Flertallet viser til at personer som opplever å få tilbakekalt statsborgerskapet, i utgangspunktet har fått statsborgerskap basert på uriktige opplysninger.

Komiteens medlemmer fra Høyre og Fremskrittspartiet mener forslag om foreldelsesfrist i praksis betyr at norske myndigheter ikke kan gripe inn selv om myndighetene er kjent med at personen i praksis opererer med uriktig identitet. I praksis kan en person ha én identitet i sitt norske pass, og en annen identitet i en annen oppholdstillatelse i annet land. Det er uheldig. Disse medlemmer understreker at det kan få følger for notoriteten til norske dokumenter dersom mennesker får beholde statsborgerskap på feil grunnlag.

Disse medlemmer er ikke enige i at det kan gjøres en sammenligning med foreldelsesfrist for kriminelle forhold. Disse medlemmer peker på at eventuelt statsborgerskap er innvilget basert på opplysninger fra søkeren selv. De uriktige opplysningene er ofte gjentatt flere ganger, for eksempel ved registrering hos politiet, i asylintervju og i senere saksbehandling. Dersom søkeren har oppgitt uriktige opplysninger eller holdt tilbake opplysninger, er det søkeren selv som danner grunnlag for at statsborgerskap er gitt på uriktig grunnlag.

Disse medlemmer understreker at det i praksis er flere eksempler på at personer som får tilbakekalt statsborgerskap, samtidig får innvilget opphold i landet. Videre mener disse medlemmer det er tilstrekkelig at lang oppholdstid tillegges vekt i vurderingen av om statsborgerskapet skal tilbakekalles.

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti og Rødt legger til grunn at dagens praksis for tilbakekallelse ikke er i henhold til Stortingets intensjon om en forholdsmessighetsvurdering. Det er derfor et behov for en frist for tilbakekallelse, som i mange tilfeller oppleves som en uforholdsmessig konsekvens både for den det gjelder, og familier.

Disse medlemmer understreker at samtlige høringsinnspill støtter forslaget om en foreldelsesfrist. Norsk Folkehjelp underbygger bakgrunnen for forslaget ved å vektlegge at når forvaltningspraksis ikke er i tråd med Stortingets intensjon, bør det utredes forslag som retter opp dette.

Disse medlemmer mener at endringer i statsborgerloven, jf. Innst. 62 L (2019–2020), hvor det ble lovfestet at det skal foretas en forholdsmessighetsvurdering ved tilbakekall av statsborgerskap, hvor intensjonen var å stryke rettsikkerheten, ikke har medført tilstrekkelig endring av praksis.

Disse medlemmer påpeker at andre land har en frist for tilbakekallelse, og det vil være naturlig at også Norge slutter seg til en slik praksis.

Disse medlemmer mener derfor at i disse sakene, slik som i samfunnet ellers, skal brudd på regler som ligger langt tilbake i tid, ikke få konsekvenser – og med det regnes som foreldet. Det er i tillegg et argument at forhold mange år tilbake i tid er vanskelige å bevise, slik at faren for å treffe feil rettsavgjørelser øker med tiden.

Disse medlemmer mener det er en stor belastning å få forhåndsvarsel om tilbakekallelse i lang tid før vedtak fattes, det fremmes derfor forslag om å sette en frist for dette.

Disse medlemmer legger også til grunn at det er behov for å sikre dobbelt statsborgerskap ved tilbakekallelse, og ber derfor om at man kommer tilbake med et lovforslag som sikrer dette.

På denne bakgrunn fremmer disse medlemmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen utrede og fremme forslag om en foreldelsesfrist som etter en gitt tid avskjærer anledningen til å tilbakekalle et statsborgerskap etter statsborgerloven § 26 annet ledd, med unntak for de som misbruker et norsk statsborgerskap som de har fått på feil premisser, eller aktivt benytter ulike identiteter til å begå alvorlig kriminalitet.»

«Stortinget ber regjeringen utrede innføringen av en frist for hvor lang tid det kan gå fra det er sendt forhåndsvarsel om tilbakekall av statsborgerskap, til vedtak er fattet av utlendingsmyndighetene i første instans.»

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med et lovforslag om å innføre krav om dobbelt statsborgerskap for å tilbakekalle statsborgerskap.»

Komiteens medlem fra Venstre viser til at statsråden i sitt brev til komiteen blant annet er opptatt av at en foreldelsesfrist kan medføre at søkere som har oppgitt feil opplysninger, kan fortsette å beholde en uriktig identitet. Statsborgerloven § 7 første ledd bokstav a gir enhver rett til statsborgerskap etter søknad dersom søkeren har klarlagt sin identitet. Klarlagt er identiteten dersom det er åpenbart at de framlagte dokumentene viser søkerens rette identitet jf. statsborgerforskriften § 1-1.

Dette medlem legger til grunn at Utlendingsdirektoratet gjør en grundig jobb med å vurdere søknader om statsborgerskap og tar i betraktning alle de forhold som loven krever. Når direktoratet kommer til at identiteten åpenbart er kartlagt, bør terskelen for å tilbakekalle et slikt vedtak være svært høy. Hovedregelen må være at identiteten er kartlagt når statsborgerskapet innvilges. Da er det også rimelig at det settes en grense for hvor lang tid etterpå et slikt vedtak kan tilbakekalles.

Forslag fra mindretall

Forslag fra Sosialistisk Venstreparti og Rødt:

Forslag 1

Stortinget ber regjeringen utrede og fremme forslag om en foreldelsesfrist som etter en gitt tid avskjærer anledningen til å tilbakekalle et statsborgerskap etter statsborgerloven § 26 annet ledd, med unntak for de som misbruker et norsk statsborgerskap som de har fått på feil premisser, eller aktivt benytter ulike identiteter til å begå alvorlig kriminalitet.

Forslag 2

Stortinget ber regjeringen utrede innføringen av en frist for hvor lang tid det kan gå fra det er sendt forhåndsvarsel om tilbakekall av statsborgerskap, til vedtak er fattet av utlendingsmyndighetene i første instans.

Forslag 3

Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med et lovforslag om å innføre krav om dobbelt statsborgerskap for å tilbakekalle statsborgerskap.

Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Høyre, Senterpartiet, Framskrittspartiet og Venstre.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til representantforslaget og rår Stortinget til å gjøre følgende

v e d t a k:

Dokument 8:75 S (2021–2022) – Representantforslag fra stortingsrepresentantene Tobias Drevland Lund, Seher Aydar, Marian Hussein og Grete Wold om foreldelsesfrist for tilbakekallelse av statsborgerskap – vedtas ikke.

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 31. mars 2022

Lene Vågslid

leder

Mari Holm Lønseth

ordfører



DET KONGELIGE
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Statsråden

Kommunal- og forvaltningskomiteen i Stortinget

Dykkar ref
2022/398

Vår ref
22/414-

Dato
4. februar 2022

Representantforslag 75 S (2021-2022) frå stortingsrepresentantane Tobias Drevland Lund, Seher Aydar, Marian Hussein og Grete Wold om foreldingsfrist for tilbakekall av statsborgarskap

Eg viser til brev av 21. januar 2022 der kommunal- og forvaltningskomiteen ber om mi vurdering av representantforslag 75 S (2021–2022) frå stortingsrepresentantane Tobias Drevland Lund, Seher Aydar, Marian Hussein og Grete Wold om foreldingsfrist for tilbakekall av statsborgarskap.

Forslagsstillarane ønskjer at regjeringa greier ut og foreslår ein foreldingsfrist som etter ei gitt tid avskjer høvet til å tilbakekalle eit statsborgarskap etter statsborgarlova § 26 andre ledd, med unntak for dei som misbrukar eit norsk statsborgarskap som dei har fått på feil premisser, eller aktivt nyttar ulike identitetar til å utøve alvorleg kriminalitet. Vidare ønskjer forslagsstillarane at det blir greidd ut innføring av ein frist for kor lang tid det kan gå frå det er sendt førehandsvarsel om tilbakekall av statsborgarskap, til vedtak er fatta av utlendingsstyresmaktene i første instans. Forslagsstillarane ønsker òg innføring av krav om dobbelt statsborgarskap for å tilbakekalle statsborgarskap.

Tolking av gjeldande rett

Statsborgarlova § 26 regulerer tilbakekall av statsborgarskap. Eit vedtak om statsborgarskap kan tilbakekallast dersom søkaren mot betre vitande har gitt urette opplysningar eller fortagd forhold av vesentleg betydning for vedtaket, jf. statsborgarlova § 26 andre ledd.

Stortinget vedtok i desember 2019 endringar i regelverk for tilbakekall etter statsborgarlova § 26, jf. Prop. 141 L (2018-2019), Innst. 62 L (2019-2020), Lovvedtak 10 (2019-2020). Det vart lovfesta i § 26 tredje ledd at statsborgarskap som er erverva av ein person som var

under 18 år på tidspunktet for erverv eller søknad, og som er bygd på urette eller ufullstendige opplysningar gitt av foreldre eller besteforeldre mot betre vitande, som hovudregel ikkje kan tilbakekallast. Det vart vidare lovfesta at barn under 18 år ikkje kan tape norsk statsborgarskap dersom barnet dermed blir statslaus og ikkje på ein enkel måte kan bli statsborgar av eit anna land. I § 26 fjerde ledd vart det lovfesta at det skal gjerast ei vurdering av om tilbakekall er forholdsmessig. Statsborgarskap skal ikkje kallast tilbake dersom det ut frå alvoret til forholdet og tilknytninga statsborgaren har til Noreg, vil vere eit uforholdsmessig inngrep overfor vedkommande sjølv eller dei næraste familiemedlemmane. Endringane i regelverket for tilbakekall av statsborgarskap vart sett i verk frå 15. januar 2020.

Forarbeida i Prop. 141 L (2019-2020) gir rammene for korleis vurderinga av om tilbakekall er forholdsmessig skal praktiserast. I proposisjonen er det presisert moment som skal inngå i vurderinga. Det blir òg presisert at lista over moment ikkje er uttømmende. Alle relevante omsyn skal vektast med utgangspunkt i alvoret til forholdet og tilknytninga personen har til Noreg. Det skal leggst vekt på opphaldstid, men slik at lang opphaldstid ikkje åleine er tilstrekkeleg til å forhindra tilbakekall. Vekta av opphaldstid i Noreg skal vurderast konkret i kvar enkelt sak. I vurderinga vil òg andre forhold ha betydning, som til dømes grada av integrering og alvoret til forholdet.

Dersom det er gitt grovt urette opplysningar, til dømes om nasjonalitet, skal det meir til for å vurdera at eit tilbakekall er uforholdsmessig, enn om det er gitt mindre alvorlege urette opplysningar. Forarbeida viser vidare til to tilfelle der det skal svært mykje til for at eit vedtak om eit tilbakekall kan vurderast å vere uforholdsmessig. Dette gjeld tilfelle der ein person bevisst og aktivt har nytta seg av meir enn éin identitet eller der vedkommande har gjort seg skuldig i alvorleg kriminalitet i Noreg.

Tilbakekall av statsborgarskap etter § 26 andre ledd kan gjerast sjølv om personen blir statslaus. Dette er ikkje i strid med Noregs internasjonale forpliktingar. Europaråds-konvensjonen om statsborgarskap av 1997 tillèt tilbakekall av statsborgarskap som ein person har fått ved trulaus åtferd, falske opplysningar eller ved å teie om relevante fakta, sjølv om personen blir statslaus (artikkel 7 nr. 1). FN si konvensjon om avgrensing av statsløyse av 1961 tillèt òg tilbakekall av statsborgarskap som ein person har fått ved urette opplysningar eller svindel (the nationality has been obtained by misrepresentation or fraud), sjølv om personen blir statslaus (artikkel 8 nr. 2 bokstav b). Av merknaden i Prop. 141 L (2018-2019) til statsborgarlova § 26 fjerde ledd, kjem det fram at eventuell langvarig statsløyse som ein konsekvens av tilbakekall, skal vere eit moment i vurderinga av om tilbakekall er forholdsmessig. Dersom ein person vil bli statslaus i lang tid som konsekvens av vedtaket om tilbakekall, vil det kunne vere at det er uforholdsmessig å tilbakekalle det norske statsborgarskapet.

I instruks til Utlendingsdirektoratet (UDI) om tolking av statsborgarlova § 26 (F-07-20), er det slått fast at i kva grad ein person samarbeider om å klarlegga identiteten sin vil vera eit moment i vurderinga av om tilbakekall er forholdsmessig. Dersom det er sannsynsovervekt

for at ein person har oppgitt urett identitet, men personen har motarbeidd avklaring av eigen identitet over mange år, talar dette for tilbakekall av statsborgarskapet.

Statstikk og praksis

UDI fatta totalt 152 vedtak om tilbakekall av statsborgarskap i 2020 og 2021. UDI opplyser at mange saker ikkje blir klaga på. Nokre av desse sakene gjeld personar som har flytta frå Noreg, ofte for mange år sidan, som oppheld seg på ukjent stad eller i opphavslandet. I same periode fatta UDI 22 vedtak om å ikkje tilbakekalle norsk statsborgarskap. Vidare vart 238 saker avslutta utan førehandsvarsel om tilbakekall, blant anna fordi lovfestinga av ei vurdering av om tilbakekall er forholdsmessig gjer at UDI vurderer at det er uforholdsmessig å gå vidare med saka. I dei totalt 152 sakene det vart fatta vedtak om tilbakekall i, fekk 27 personar ny opphaldsløyve fordi dei blei vurdert å ha sterk tilknytning til Noreg.

Moment som går igjen desse sakene, er at

- personane motarbeidar klarlegging av eigen identitet
- det er sannsynsovervekt for at personane har oppgitt urett identitet
- det er sterk tvil om kva som er rett identitet.

UDI opplyser at dei i saker tillegg svært lang opphaldstid, som for eksempel 30 år, stor vekt. Den lange opphaldstida vil ikkje nødvendigvis åleine hindre tilbakekall. UDI legg òg vekt på moment som graden av integrering og aktiv motarbeiding av oppklaring av identitet. Der ein person bevisst og aktivt brukar meir enn ein identitet, talar det for at tilbakekall ikkje er uforholdsmessig, og opphaldstida vert lagt mindre vekt på. Det same gjeld i saker kor det finst alvorleg kriminalitet. Dette inneber at det er i dei mest alvorlege sakene ein person får tilbakekalla statsborgarskapet på tross av svært lang opphaldstid. I motsett fall vil ein person som samarbeider om oppklaring av eigen identitet, har lang opphaldstid og er godt integrert få behalde sitt norske statsborgarskap om det ikkje er tvil om kva som er rett identitet. Det gjeld blant anna saker som UDI ikkje går vidare med eller fattar vedtak om ikkje-tilbakekall i.

UDIs vedtak om tilbakekall av statsborgarskap kan klagast på til Utlendingsnemnda (UNE). Klagesaker blir behandla i nemndmøte i UNE med personleg frammøte. Den saka gjeld har rett til å få dekt utgifter til advokat ved forvaltningsbehandlinga av saka.

UNE opplyser at dei behandla 61 klagesaker om tilbakekall av statsborgarskap i 2021. I 20 av dei 61 sakene hadde UDI gitt personane ny opphaldsløyve etter utlendingslova § 38. UNE gjorde om UDI sitt vedtak om tilbakekall i 19 saker. I fire av dei 42 sakene kor UNE hald UDIs vedtak ved lag, ga UNE ny opphaldsløyve etter utlendingslova § 38. Årsakene til at UNE gjorde om UDIs vedtak er ulike i dei 19 sakene. I nokre saker kom nemnda fram til at det ikkje var tilstrekkeleg grunnlag for å tilbakekalla statsborgarskapet. I andre saker meinte nemnda at tilbakekall var uforholdsmessig. Ein del av desse sakene gjeld barnefamiljar, kor omsynet til barna har blitt vektlagt. Andre moment som har blitt vektlagt i vurderinga er klagarane si integrering i Noreg, jobb, opphaldstid og familiesituasjon.

UNE behandla i 2021 ti saker der søkarane hadde lang opphaldstid (meir enn 20 år). I ni av sakene haldt UNE ved lag UDI sitt vedtak om tilbakekall. I fire av desse sakene hadde UDI allereie gitt personane ny opphaldsløyve i Noreg. Etter behandling i UNE fekk ytterlegare to personar innvilga opphaldsløyve. I ei av desse sakene vart UDI sitt vedtak om tilbakekall gjort om av UNE. I tre av dei ti sakene vart klagarane utvist og måtte forlate Noreg. Låg grad av integrering i Noreg, sterk tilknytning til opphavslandet og alvoret til forholdet var moment som vog tyngst i desse sakene.

I saker der UNE held vedtaket til UDI om tilbakekall ved lag, kan saka bringast inn for domstolane. Vurderinga av om tilbakekall er forholdsmessig er eit rettsanvendarskjønn som kan overprøvast av domstolane. Det er opna for at nokon fleire kan få behovsprøvd fri sakførsel ved eventuell domstolskontroll av UNE sitt vedtak enn før endringa i statsborgarlova § 26. UNE opplyser at dei berre har hatt ei sak om tilbakekall av statsborgarskap i retten etter endringane i statsborgarlova § 26. Saka gjaldt omgåelsesekteskap. UNE fekk medhald av tingretten, og dommen er rettskraftig.

Vurdering av representantforslaget

Foreldingsfrist for tilbakekall av statsborgarskap

Som forslagsstillarane framhevar er statsborgarskap ein rett som står i ei særstilling i samfunnet. Det er det rettslege bandet og samfunnskontrakten mellom ein borgar og staten. Urette opplysningar bryt med tillitsforholdet mellom stat og person som er ein sentral del av samfunnskontrakten. I enkelte tilfelle der personar har lang opphaldstid talar alvoret i saka, vege opp mot tilknytninga personen har til Noreg, for at statsborgarskapet bør tilbakekallast. Omsyn som talar mot ein foreldingsfrist knyter seg særleg til tilfelle der søkaren har gitt urette opplysningar om identiteten sin til norske styresmakter. Dette kan vera tilfelle der ein person aktivt nyttar ulike identitetar eller har gjere seg skuldig i grov kriminalitet. UDI opplyser om eksemplar frå praksis der personar har norsk statsborgarskap og norsk pass på to ulike identitetar. Det er også eksempel på personar som har norsk statsborgarskap på ein identitet og eit anna statsborgarskap, eller opphaldsløyve i eit anna land, med ein annan identitet. UDI har også via program som kjenner att ansikt oppdaga personar som har kome på visum eller familieinnvandring i ein identitet, og søkt asyl og fått norsk statsborgarskap i ein annan identitet. Vidare er det mange som aktivt motarbeidar avklaring av eigen identitet, og held fast ein urett identitet ovanfor norske styresmakter.

Forslagsstillarane skriv at dei ønskjer

«(...) innføring av en foreldelsesfrist som hovedregel, men hvor det kan gjøres unntak fra hovedregelen i saker der hvor vedkommende misbruker et norsk statsborgerskap som de har fått på feil premisser, til å bl.a. begå kriminalitet eller aktivt benytter ulike identiteter, f.eks. til å begå alvorlig kriminalitet.»

Det er uklårt kva forslagsstillarane legg i at ein person misbrukar eit norsk statsborgarskap som dei har fått på feil premisser og kor forslagsstillarane meiner grensa skal gå for eventuelle unntak frå ein foreldingsfrist. Meiner forslagsstillarane at dei som brukar meir enn

ein identitet utan å ha utøvd alvorleg kriminalitet, skal få behalde norsk statsborgarskap i urett identitet?

Norsk statsborgarskap gir rett til norsk pass, noko som inneber at norske styresmakter går god for identiteten som går fram av passet. Det kan få følgjer for Noregs forhold til andre land om vi skriv ut norske pass med urette opplysningar om identiteten til eigarane. Ein foreldingsfrist vil føre til at ei rekke personar vil få behalde norsk statsborgarskap og norsk pass med urett identitet, noko som er uheldig. Det vil òg svekke notoriteten av norske pass.

Forslagsstillarane meiner at grunngevinga for foreldingsfristane i strafferetten kan overførast til saker om tilbakekall av statsborgarskap. Eg gjer merksam på at grunngevinga for forelding etter straffeloven ikkje utan vidare kan overførast til saker om tilbakekall av statsborgarskap. Vurderinga av om vilkåra for opphaldsløyve og norsk statsborgarskap er oppfylt, blir gjort på grunnlag av dei opplysningane og den dokumentasjonen søkaren legg fram. I dei sakene kor UDI tilbakekallar statsborgarskap har personane gjentatt dei urette opplysningane fleire gonger, mellom anna i forvaltningsintervju hjå politiet, i tilsvar og i klagar og nokre gangar også i rettssaker. Det inneber at brot på reglene ikkje ligg langt tilbake i tid, men blir heldt ved lag. Det vil vere behov for å utgreie nærmare om ein eventuell foreldingsfrist skal starta å løpa på nytt kvar gong dei urette opplysningane blir gjentatt, til dømes ved søknad om fornying av norsk pass. Eg meiner at ei vurdering av om tilbakekall er forholdsmessig i større grad er eigna til å hindra urimelege utfall av tilbakekall, enn ein foreldingsfrist.

Saksbehandlingsfrist

Forslaget om ein frist for kor lang tid det kan gå frå det er sendt førehandsvarsel om tilbakekall av statsborgarskap, til vedtak er fatta av utlendingsstyresmaktene i første instans, er ikkje nærmare grunngeve. Det går ikkje fram kva forslagsstillarane meiner bør vere konsekvensane av at utlendingsstyresmaktene ikkje overheld ein slik frist.

Medan ein venta på endringar i regelverk for tilbakekall av statsborgarskap, vart UDI og UNE instruert av departementet om å leggje alle saker til sides i perioden frå februar 2017 til januar 2020. Dette har ført til lang behandlingstid i sakene.

I ein normal saksbehandlingssituasjon skjer mykje av tidsbruken i saker om tilbakekall av statsborgarskap i samband med førebuing av sakene. Forvaltninga pliktar etter forvaltningslova § 17 å opplyse saka så godt som mogleg før vedtak vert treffe. Det kan òg vere at ei straffesak går parallelt med saka om tilbakekall. UDI er ofte avhengig av kapasiteten til politiet, ambassadane eller andre styresmakter, og dermed òg av tidsbruken deira. Etter at førehandsvarsel om tilbakekall er sendt vil tidsbruken generelt vera mindre, avhengig av kva opplysningar som kjem som svar på førehandsvarselet og om desse gir behov for nærare undersøkingar. Sjølv om det kan ha negative konsekvensar for personen at saka trekk ut i tid, talar tungtvegande omsyn, som kontrollomsyn og omsynet til rettstryggleik for personen, for at ein ikkje bør innføre ein saksbehandlingsfrist. Ein person som er førehandsvarsla om tilbakekall av statsborgarskap har alle rettar som norsk

statsborgar i behald og vil ikkje miste desse rettane før eit eventuelt vedtak om tilbakekall er endeleg.

Ein absolutt frist for saksbehandlinga vil, like eins med ein foreldingsfrist, kunne føra til at fleire personar lev i Noreg med urett identitet. Ein frist for saksbehandlinga kan føre til at store ressursar som er brukt for å avklara ei sak går til spel om forvaltninga ikkje rekk å avslutta saka innan fristen. Dette gjeld særleg saker som trekk ut i tid fordi personen aktivt motarbeider avklaring, og kor ein saksbehandlingsfrist òg kan gi eit insentiv til å motarbeida avklaring.

Krav om dobbelt statsborgarskap for å tilbakekalle statsborgarskap

Internasjonale konvensjonar er i utgangspunktet ikkje til hinder for tilbakekall av norsk statsborgarskap etter statsborgarlova § 26 andre ledd, sjølv om personen blir statslaus. Som nemnt over, inngår langvarig statsløyse som eit moment i vurderinga av om det er forholdsmessig å tilbakekalla det norske statsborgarskapet. Dersom ein person vil bli statslaus i lang tid som konsekvens av vedtaket om tilbakekall, vil det kunne vere at det er uforholdsmessig å tilbakekalla det norske statsborgarskapet. UDI opplyser at det i nesten alle saker dei har behandla ikkje har vore eit tema at personen blir statslaus. Anten fordi personen allereie har dobbelt statsborgarskap, eller fordi personen fekk norsk statsborgarskap ved å opplyse urett nasjonalitet, og dermed har sitt opphavslege statsborgarskap i behald.

Med helsing

A handwritten signature in blue ink that reads "Hadia Tajik". The signature is written in a cursive style with a large initial "H" and "T".

Hadia Tajik

